

# Rettleiar for utarbeiding av miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for anlegg med konsesjon etter energilova

06  
2011



R  
E  
T  
T  
L  
E  
I  
A  
R

Desember 2011.

Rettleiaren vert kun utgitt elektronisk på internett: [www.nve.no](http://www.nve.no).

Revisjonar vil skje fortløpande ved behov.

## Rettleiar nr 6/2011

### Rettleiar for utarbeiding av miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for anlegg med konsesjon etter energilova

Utgitt av: Noregs vassdrags- og energidirektorat

Foto: Hilde Totland Harket

Emneord: Energianlegg, MTA, miljø, transport, anleggsplan, vindkraft, nettanlegg, kraftledning, overføringsanlegg.

ISSN: 1501-0678

Punkt 2.8 endra 7.2.2014

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29

Postboks 5091 Majorstuen

0301 OSLO

Telefon: 09575

Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Desember 2011

# Innhold

<b>Forord</b>	<b>7</b>
<b>1 Prosess</b>	<b>9</b>
1.1 Kva skal MTA omfatte?	9
1.2 Høyring og MTA sin juridiske status	9
1.3 Inspeksjon i byggefasen	10
1.4 Inspeksjon etter at byggefasen er avslutta	10
<b>2 Krav til innhald i MTA</b>	<b>11</b>
2.1 Innleiing	11
2.2 Skildring av tiltaket	11
2.3 Arealbruk	11
2.4 Transport	12
2.5 Terrenginngrep og istandsetjing	12
2.6 Rydding av skog	12
2.7 Plante- og dyreliv	12
2.8 Kulturminne	12
2.9 For- og etterundersøkingar	13
2.10 Frist for istandsetjing	13
2.11 Prosjektilpassa kontrollplan	13
<b>3 Aktuelle lover og forskrifter</b>	<b>14</b>
3.1 Energilova	14
3.2 Energilovforskrifta	14
3.3 Vindkraftanlegg – Forholdet til plan- og bygningslova (pbl)	14
3.4 Overføringsanlegg – Forholdet til plan- og bygningslova (pbl)	15
3.5 Forholdet til naturmangfaldlova	15
3.6 Grannevarsling	15



# Forord

Dette er ein rettleiar for å utarbeide miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for anlegg som har anleggskonsesjon etter energilova (vindkraftanlegg og overføringsanlegg). I staden for å spesifisere alle forhold om kva ein slik plan skal innehalde i sjølve konsesjonen, har NVE utarbeidd ein rettleiar.

Rettleiaren er forma som ei sjekklister/disposisjon for kva tilhøve det normalt vil vere aktuelt å omtale i ein slik plan. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å vurdere kva for tema som er relevante for det enkelte anlegg med bakgrunn i gjeldande anleggskonsesjon. Konsesjonen kan omfatte tilhøve som ikkje er omtala her. Ansvar for å følge opp lover, forskrifter og konsesjonsvilkår kviler på konsesjonær.

Formålet med MTA er å sikre at utbyggjar og entreprenør under bygging og drift av anlegget tek omsyn til miljøinformasjon som er kome fram i konsekvensutgreiingane og krav sett i konsesjonen. Det skal ikkje gjennomførast nye undersøkingar dersom det ikkje er sett særskilde vilkår om det i anleggskonsesjonen. NVE presiserer at utarbeiding av MTA ikkje skal vere ei ny konsekvensutgreiing eller søknad om konsesjon.

MTA skal godkjennast av NVE før anleggsarbeidet tek til. Godkjend MTA er, saman med konsesjonen og gjeldande lover og forskrifter, NVE sitt underlag for å føre tilsyn.

Denne rettleiaren vert ikkje trykt opp, men berre utgitt på NVE sine heimesider på internett. Då revisjonar vil skje fortløpande ved behov, rår vi utbyggjar til å nytte siste versjon på [www.nve.no](http://www.nve.no)

Oslo, desember 2011



Rune Flatby  
avdelingsdirektør



Magne Maurset  
seksjonssjef



# 1 Prosess

NVE sitt miljøtilsyn har ansvaret for å følge opp konsesjonsvilkår som er gitt i anleggskonsesjonar. Dette omfattar:

- Handsaming av miljø-, transport- og anleggsplan (MTA)
- Oppfølging i byggefasen
- Inspeksjon under og etter at byggefasen er avslutta
- Handsaming av planar for nedlegging av anlegg og oppfølging av nedleggingsarbeid

MTA skal vere godkjend av NVE før anleggsarbeida tek til. Normalt må ein rekne med ei sakshandsamingstid på inntil tre månader etter at NVE har motteke komplett plan. Handsamingstida kan vere avhengig av behovet for høyring av planen (sjå nedanfor). Det vil normalt òg vere behov for synfaring på bar mark før MTA vert godkjent av NVE. Dette må tiltakshavar ta omsyn til i sin planlegging.

## 1.1 Kva skal MTA omfatte?

I vilkåra i anleggskonsesjonar for vindkraftanlegg og for nettanlegg kan omgrep som til dømes detaljplan, miljø- og transportplan og anleggsplan vere nytta. I tillegg kan det vere sett vilkår om innsending av detaljerte kart og spesifisering av enkelte anleggsdelar. MTA kan utarbeidast som eit samla plandokument som dekkjer alle desse plantypene og dei spesifiseringar som følgjer av vilkåra i den einskilde konsesjonen. Dokumentet skal skildre alle dei fysiske konsekvensar bygging av anlegget har for natur og miljø. MTA skal vere utarbeidd i samarbeid med kommunar som vert røyrd, og eventuelt andre partar dersom dette går fram av konsesjonen med vilkår.

Gjennom handsaming av anleggskonsesjonen skal den ytre avgrensing av arealbruken knytt til etablering av anlegget vere avklart. Dette omfattar både hovudanlegg (kraftleidning, vindturbinar, transformatorstasjonar og transformatorbygg) og hjelpeanlegg (tilkomstveggar, masseuttak, massedeponi m.m.). Arealbruken som vert skildra

i MTA skal vere i samsvar med det som er fastsett i konsesjonsvedtaket. Innanfor denne ytre arealavgrensinga kan det i MTA gjerast mindre justeringar t.d. på plassering av vindturbinar, traséar for veggar, kraftleidningar m.m.

Det må i MTA gjerast tydeleg greie for kva for endringar i midlertidig og permanent arealbruk som er gjort i forhold til konsesjonen, og korleis dette er avklara med kommunen, grunneigarane og eventuelle andre røyrd interessar. NVE tek stilling til om desse endringane kan godkjennast gjennom handsaming av MTA.

Det er konsesjonæren sitt ansvar at godkjend MTA vert etterlevd, og planen bør leggjast til grunn for utforming av kontraktar med hovud- og underentreprenørar. Ansvaret for at anlegget er bygd i tråd med godkjend MTA, kvilar på konsesjonæren, og kan ikkje overførast til entreprenør eller utbyggjar.

I anleggskonsesjonar er det òg sett vilkår som gjeld drift og nedlegging av eit anlegg. Difor skal det òg sendast inn planar for nedlegging som skal godkjennast av NVE før desse arbeida tek til. NVE vil føre tilsyn med nedleggingsarbeidet.

## 1.2 Høyring og juridisk status for MTA

Høyring av MTA vil normalt ikkje vere aktuelt dersom arealbruken som er skildra i planen er i samsvar med det som følgjer av konsesjonsvedtaket, og dersom det er dokumentert at den/dei aktuelle kommune(ane) og andre partar slik det går fram av konsesjonen, har delteke i utarbeiding av planen. Sjølv om det ut frå dette ikkje skulle vere naudsynt med ei formell høyring av planane, kan det likevel for vere føremålsteneleg for større eller konfliktfylte saker å gjennomføre ein samrådsrunde med dei kommunane som vert råka av anlegga. Her bør utbyggjaren orientere om MTA og korleis anlegget er tenkt gjennomført, medan NVE kan orientere om korleis dei vil følge opp utbygginga og drifta av anlegga.

Mindre avvik mellom arealbruk som følgjer av anleggskonsesjon og arealbruk som vert skildra i MTA vil kunne utløyse behov for høyring der involverte partar må få høve til å uttale seg. Partar kan til dømes vere grunneigarar. Planen vil då verte sendt på forenkla høyring før NVE fattar vedtak om godkjenning. NVE vil syte for ei slik høyring.

Dersom MTA inneheld vesentlege endringar i konsesjonsgitte hovud- eller hjelpeanlegg, eller at det er planlagt nye slike anlegg, vil dette normalt utløyse behov for nytt konsesjons- og eventuelt ekspropriasjonsvedtak med tilhøyrande høyring av planane.

Vedtak om godkjenning av MTA vil vere eit enkeltvedtak som kan klagast på av partane eller dei som har rettsleg klageinteresse. Dersom arealbruk og andre vesentlege element i MTA er i samsvar med konsesjonen, vil det normalt berre vere konsesjonæren som har rettsleg klageinteresse. Dersom det i MTA er avvik frå konsesjonen, vil òg andre partar som vert røyrd av desse avvika kunne klage på godkjenning av MTA.

### 1.3 Inspeksjon i byggefasen

NVE vil følgje opp byggefasen med ein eller fleire synfaringar for å sjå til at vilkåra i konsesjonen og godkjend MTA blir etterlevd.

### 1.4 Inspeksjon etter at byggefasen er avslutta

Etter at byggefasen er avslutta er konsesjonæren ansvarleg for å dokumentere overfor NVE at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon med tilhøyrande vilkår og godkjend MTA. NVE sitt miljøtilsyn vil gjennomføre ein avsluttande inspeksjon av anlegget.



## 2 Krav til innhald i MTA

Strukturen som følgjer nedanfor kan nyttast som disposisjon for MTA. Konesjonæren er sjølv ansvarleg for å vurdere kva tema som er aktuelle med bakgrunn i den enkelte anleggskonesjon. Alle dei nemnde tema/punkt bør likevel kvitterast ut sjølv om temaet ikkje er aktuelt for gjeldande anlegg. Med bakgrunn i gjeldande konsesjon og bakgrunn for vedtak kan det i enkeltsaker vere naudsynt å omtale tema som ikkje er nemnd nedanfor.

### 2.1 Innleiing

- Referanse til aktuell anleggskonesjon.
- Informasjon om anleggseigar med opplysningar om organisasjonsnummer, tiltakshavar og namn på tiltaket, adresse og kontaktinformasjon.
- Status for andre planar og løyve. Det kan til dømes gjelde gjennomføring av § 9 undersøkingar etter kulturminnelova, eventuelle søknader om å få frigitt kulturminne som vert råka, dispensasjonssøknadar etter naturmangfaldlova, dispensasjonssøknad etter plan- og bygningslova (gjeld ikkje for overføringsanlegg, jf kap 3.4), løyve etter veglova, havne- og farvannslova, forskrift om luftfartshinder med meir.
- Framdriftsplan med informasjon om tidspunkt for oppstart av byggearbeida, planlagd byggetid, tidspunkt for ferdigstilling inkludert opprydding og innsending av ferdigrapport til NVE.

### 2.2 Skildring av tiltaket

- Kort skildring av anlegget det er gitt konsesjon til.
- Oversikt over justeringar/endringar i permanent og midlertidig arealbruk sett i høve tilkonesjonen og korleis dette er avklara med kommunen, grunneigarar og andre røyrdte interesser. Dette kan gjerne visast i ein tabell.
- Oversikt over eventuelle andre endringar i forhold til det som er skildra i konsesjonssøknaden og konsesjonsvedtaket (til dømes støynivå, omfang av avbøtande tiltak mv.)

- Referanse til konsekvensutreiingar og relevante fagrapportar. Dokumentasjon skal vere tilgjengeleg på tiltakshavar si nettside.

### 2.3 Arealbruk

- Oversiktskart 1:50 000 som syner lokalisering av anlegga det er gitt konsesjon til (ev. kartet som er vedlagt anleggskonesjonen).
- Arealbrukskart i høveleg målestokk, til dømes 1:1000 eller 1:5000, som viser:
  - Planlagd arealbruk for dei enkelte lokalitetane som for eksempel plassering av service- og transformatorbygg, trasé for kraftleidningar og kabeltrasé, transformator- og kopplingsstasjonar, riggområde, massedeponi, masseuttak, anleggsveggar (eksisterande og nye) med meir.
  - Registrerte verdifulle naturtypar, raudlisteartar og verneområde i planområdet.
  - Sårbare lokalitetar som kulturminne, økologiske funksjonsområde, prioriterte artar eller liknande i planområdet.
  - Ytre arealavgrensing for anleggsarbeidet (marksikringsgrense).

Konesjonæren må vurdere om det er teneleg å utarbeide eitt kart med all informasjon på, eller om det vert lagt fram fleire temakart. Det må kunne lesast ut av kartet(a) kva for inngrep som er midlertidige og som skal tilbakeførast etter anleggsperioden, og kva for inngrep som er permanente. I enkelte område vil det vere naudsynt med større detaljeringsgrad. I slike tilfelle skal arealbrukskartet delast opp med meir detaljerte utsnitt av arealbruken i det enkelte område.

Arealbrukskartet skal nyttast aktivt i anleggsperioden og arealgrenser skal merkast fysisk i terrenget der det skal takast omsyn til spesielle lokalitetar, til dømes verdifulle naturtypar, kulturminne, hekkelokalitetar med vidare.

- For service- og transformatorbygg skal det presenterast målsette (1:100) fasadeteikningar og plan- og snitteikningar som viser materialbruk, fargeval og overgang til tilgrensande terreng.
- Dersom MTA inneheld endringar i høve til konsesjonen må dette gå fram av kartet med tilhøyrande skildring og grunngjeving. Dersom endringane er vesentlege kan det utløyse ny sakshandsaming med høyring av dei delane av tiltaket der det er avvik, jf. kapittel 1.1 og 1.2.

## 2.4 Transport

Naudsynt transport og anleggstrafikk skal skildrast og relaterast til informasjonen på arealbrukskartet. I skildringa må følgjande informasjon komme fram:

- Naudsynt nybygging, oppgradering, utbetring og vedlikehald av vegar.
- Kva type køyrety som skal nyttast.
- Når og kvar anleggstrafikken skal føregå og kva for tiltak som skal gjennomførast for å redusere eventuelle ulemper for omgjevnadene/andre interesser.
- Transportplan for bruk av areal utanfor anleggsområdet, til dømes kaiar, skal utarbeidast av konsesjonær og godkjennast av vedkommande myndigheit. Kopi av godkjenning skal sendast til NVE.

## 2.5 Terrenginngrep og istandsetjing

Terrenginngrep skal gjerast så skånsamt som mogleg for å avgrense skade på naturmangfaldet. I tillegg skal miljøforsvarlege driftsmetodar nyttast. MTA må omfatte:

- Skildring av terrenginngrep som følgje av det konsesjonsgitte anlegget og naudsynte hjelpeanlegg som anleggsvegar, riggplassar, masseuttak, massedeponi med meir. Landskapstilpassing av desse anlegga og

areala må skildrast i tekst og teikningar. For masseuttak og massedeponi skal det utarbeidast målsette teikningar supplert med 3D-teikningar, perspektivskisser eller fotomontasjar som viser situasjonen før og etter utbygging. For vegar skal det gjerast greie for omfanget av skjeringar/fyllingar og forming mot sideterreng. Det må gå klart fram av teksten kva som er midlertidig og permanente anlegg.

- Nødvendige tiltak for å redusere terrenginngrep og skader og korleis desse skal utbetrast, skal skildrast. Dette omfattar istandsetjing av masseuttak og massedeponi (permanente og midlertidige), bruk av avdekkingsmasse, revegetering, tilbakeføring av midlertidige anleggsvegar og riggplassar med meir.

## 2.6 Rydding av skog

Dersom trasé for kraftleidning eller nettilknytning råkar skogareal direkte, skal konsesjonæren utarbeide ein rydde- og skjøtselsplan for dei aktuelle områda for heile konsesjonsperioden. Dersom det i anleggskonsesjonen er sett særskilde vilkår om avgrensa rydding av skog, skal dette vektleggast særskilt. Det skal vurderast korleis skjermar av vegetasjon kan redusere dei visuelle verknadene av anlegget med tilhøyrande hjelpeanlegg (til dømes vegar).

## 2.7 Plante- og dyreliv

Det skal gå fram av MTA korleis eventuelle registrerte prioriterte artar eller økologiske funksjonsområde i planområdet (innanfor marksikringsgrensa) skal takast vare på i gjennomføringa av anleggsarbeidet. Dette punktet må sjåast i samanheng med dei andre punkta over. Aktuelle tema kan vere:

- Restriksjonar i kor tid på året og korleis anleggsarbeidet skal gjennomførast for å redusere ulemper for spelplassar, hekkeplassar, trekkveier med meir, dersom det er stilt krav om dette i konsesjonen.

- Korleis merking av viktige førekomstar (artar eller område) skal gjennomførast for å unngå skade under anleggsarbeidet.

lagt til grunn for å sikre at utbygginga skjer i tråd med anleggskonsesjonen, NVE-godkjende planar (MTA) og eventuelle føresetnader for godkjenning. Ein prosjekttilpassa kontrollplan skal inkluderast i MTA.

## 2.8 Kulturminne

Det skal gå fram av MTA korleis eventuelle kulturminne skal takast vare på og merkast for å unngå skade under anleggsarbeidet. Undersøkingar etter kulturminnelova § 9 skal vere klarert med kulturminnemyndigheitene før NVE kan godkjenne miljø-, transport- og anleggsplanen.

## 2.9 For - og etterundersøkingar

Dersom det er sett vilkår i anleggskonsesjonen om å gjere for- og etterundersøkingar, må MTA skildre korleis dette skal gjennomførast. Skildringa må innehalde ein tidsplan.

## 2.10 Frist for istandsetjing

Anleggskonsesjonar set vilkår om at konsesjonæren skal foreta ei forsvarleg opprydding og istandsetjing av anleggsområda. Frist for gjennomføring av arbeida er normalt to år etter at anlegget eller delar av anlegget er sett i drift. MTA skal skildre dei tiltak som skal gjennomførast for å trygge at anleggsområdet er sett i stand slik at området er påført minst moglege skade og ulempe for miljø og landskap når anleggsfasen er over. Skildringa må innehalde ein tidsplan.

## 2.11 Prosjekttilpassa kontrollplan

Anleggskonsesjonen set vilkår om at det skal utarbeidast ein prosjekttilpassa kontrollplan som skildrar rutinar for handsaming av avvik i plan- og byggefasen. Planen må skildre kva rutinar som blir

# 3 Aktuelle lover og forskrifter

## 3.1 Energilova

Lov om produksjon, omforming, overføring, fordeling og bruk av energi m.m. av 29.6.1990 (energilova) sitt føremål er å trygge at desse aktivitetane føregår på ein samfunnsmessig rasjonell måte. Dette inneber at det skal takast omsyn til allmenne og private interesser ved bygging og drift av energianlegg. Ved plassering og utforming av anlegg skal det takast omsyn til natur og miljø. Anlegga skal vere minst mogleg til skade for dyre- og plantelivet og ha ei best mogleg tilpassing til omgjevnadene. Vidare skal det skje ei forsvarleg opprydding av anleggsområda.

## 3.2 Energilovforskrifta

Overordna målsetjingar for landskap og miljø ved energianlegg er gitt i energilovforskrifta (FOR-1990-12-07 nr 959: Forskrift om produksjon omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m (energilovforskrifta)) § 3-5:

”Konsesjonæren plikter ved planlegging, utførelse og drift av anlegget å sørge for at allmennheten påføres minst mulig miljø- og landskapsmessige ulemper i den grad det kan skje uten urimelige kostnader eller ulemper for konsesjonæren”.

Konsesjonæren pliktar til ei kvar tid å halde anlegget i tilfredsstillande driftssikker tilstand, og å syte for vedlikehald og modernisering som tryggar ein tilfredsstillande leveringstryggleik.

Energilovforskrifta har òg reglar om nedlegging av elektriske anlegg jf. energilovforskrifta § 3-5 d):

”Ved nedleggelse plikter den tidligere konsesjonæren å fjerne det nedlagte anlegg og så langt det er mulig føre landskapet tilbake til naturlig tilstand. Norges vassdrags og energidirektorat kan sette frist for arbeidet og treffe bestemmelser med hensyn til tilbakeføringen”.

Energilovforskrifta si § 9-2 om tilsyn og kontroll fastset at ”Departementet fører tilsyn med at bestemmelser gitt i eller i medhold av energiloven overholdes”.

Myndigheit til å utføre tilsyn vart delegert frå OED til NVE i 2006. NVE fører difor tilsyn med at pliktene som er gitt konsesjonæren vert følgd opp både i anleggs- og driftsfasen.

## 3.3 Vindkraftanlegg – Forholdet til plan- og bygningslova (pbl)

Etter byggesaksforskrifta (FOR 2010-03-26 nr 488: Forskrift om byggesak) § 4-3 er det gitt unntak frå krav i pbl for visse tiltak som er handsama etter andre lover. Dette gjeld mellom anna anlegg for produksjon av elektrisk energi som er gitt anleggskonsesjon med heimel i energilova. Anlegg med konsesjon etter energilova er såleis unnateke kommunal byggesakshandsaming. Unntaket gjeld ikkje reglane i pbl om oppretting og endring av eigedom (§ 26-1). I tillegg gjeld reglane i pbl knytt til tekniske krav (§ 29-5) og krav til produkt og byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift så langt dei passar for nemnde tiltak. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at desse krava vert stetta.

Vindkraftanlegg må avklarast i høve til arealdelen i kommuneplanen eller eventuelle reguleringsplanar. Dette kan gjerast gjennom søknad om dispensasjon dersom arealbruk ikkje er i samsvar med arealdelen i gjeldande kommuneplan/reguleringsplan. Slik søknad skal sendast til og handsamast av aktuell(e) kommune(ar).

Det er ikkje plikt til å utarbeide reguleringsplan for denne type anlegg, jf. pbl § 12-1 tredje ledd. Kommunane kan såleis ikkje pålegge utbyggjar å utarbeide planforslag. Kommunen kan likevel sjølv utarbeide reguleringsplan, men må i så tilfelle òg bere kostnadane. I tilfelle kommunen skulle ynskje reguleringsplan, bør dette avklarast gjennom eit oppstartmøte eller seinast ved høyring av utgreiingsprogrammet for tiltaket. Dette er for å sikre at prosessane etter energilova og etter plan- og bygningslova vert samordna i tid på ein god måte. Det vil seie at ei eventuell utarbeiding av reguleringsplan gjennomført av kommunen,

bør samordnast i tid med NVE si handsaming av konsesjonssaka.

For å trygge at konsesjonsgitte tiltak for produksjon av elektrisk energi kan gjennomførast sjølv om kommunen ikkje legg til rette for tiltaket gjennom planendring eller dispensasjon, kan OED (jamfør pbl § 6-4 tredje ledd) bestemme at endeleg konsesjon kan få verknad som statleg arealplan. Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjennomført planendring, gitt dispensasjon frå gjeldande plan eller Olje- og energidepartementet har vedteke at konsesjon får verknad som statleg arealplan.

### 3.4 Overføringsanlegg – Forholdet til plan- og bygningslova (pbl)

For anlegg for overføring eller omforming av elektrisk energi (nettanlegg) som har konsesjon etter energilova, gjeld berre plan- og bygningslovas kapittel 2 (krav om kartgrunnlag, stadfesta informasjon oa.) og 14 (konsekvensutgreiingar). Det betyr at kraftleidningar og transformatorstasjonar er unnateke både frå krava til byggesakshandsaming og kontroll og frå plankrava. I motsetnad til vindkraftanlegg, treng overføringsanlegg difor ikkje dispensasjon frå gjeldande arealplanar. Kommunen har heller ikkje høve til å utarbeide reguleringsplanar for slike konsesjonsgitte anlegg.

### 3.5 Forholdet til naturmangfaldlova (nml)

Naturmangfaldlova sitt føremål er å forvalte naturen slik at han kan gje framtidig grunnlag for menneskeleg verksemd. Lova har miljøomsyn utover det som ligg i sektorlovene. Lova slår fast at det er tiltakshavar som skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, og at miljøforsvarlege driftsmetodar skal nyttast. NVE har som sektormyndigheit ansvaret for at krava i naturmangfaldlova vert følgd opp. Denne rettleiaren for utarbeiding av miljø-, transport- og anleggsplan

skal syte for at slike omsyn vert tekne i vare når det konsesjonsgitte anlegget vert bygd.

### 3.6 Grannevarsling

Energilova § 2-1 stiller krav til søknad om konsesjon og til sakshandsaminga. Dette omfattar òg krav til kunngjering og krav om at søknad skal sendast til offentlege organ og andre som tiltaket gjeld direkte, slik at desse kan kome med uttale. Grannar og andre partar som vert røyrd, vil på den måten verte varsla om tiltaket og få høve til å uttale seg.

Når det ligg føre ein vedteke anleggskonsesjon, er den etterfølgjande handsaming av MTA unnateke byggesakshandsaming etter pbl. I denne etterfølgjande prosessen vert ikkje grannar trekt inn, då deira interesser skal være avklara gjennom konsesjonssaken. Dersom der er omfattande endringar i arealbruken i MTA i høve til det som er skildra i søknad om konsesjon slik at det er naudsynt med nytt konsesjons-/ekspropriasjonsvedtak, vil det òg vere naudsynt med ny grannevarsling jf. krav til søknad om konsesjon og kunngjering.



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Telefon: 09575  
Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

